

Pilegrimsvegen Krossdalen-Reisæter

Om lag 10 km og 350 høgdemeter ovanfor Jondal i Hardanger, ligg fjellbygda Øvre Krossdalen. I sør, 10 km vidare opp i fjellet, 1100 moh, kviler nordre delen av Folgefonna. Og rett nord for Folgefonna går den gamle ferdslevegen, Pilegrimsvegen, over fjellet frå Krossdalen til Sørfjorden.

Vi menneske er alltid undervegs. Til alle tider har vi vore undervegs. Vi er undervegs på alle plan i livet vårt. Vi er undervegs i både ytre og indre dimensjonar. Vi er undervegs frå vogge mot himmelsal.

Pilegrim kjem frå det latinske ordet *peregrinus* som tyder framand. Og pilegrim er i følgje leksika- ein truande som valfartar til ein heilag stad.

Ei pilegrimsvandring har fire hovudmoment: Oppbrotet, vegen, målet og vegen heim/vegen vidare. Pilegrimen i vår tradisjon skulle vere utstyrt med ei enkel kappe, ei veske utan lås og ein stav.

Pilegrimsmålet i dag kan gjerne vere sjølve vandringa og vegen- og møtet med det heilage undervegs. Og historia om vegen og dei som har gått føre, gjev assosiasjonar og farge til vegen og vandringa vår.

Pilegrimsvegen frå Øvre Krossdalen til Sørfjorden er ein liten del av ein av dei mange pilegrimsvegane som hadde det lækjande, undergjerande, krusifikset i Røldalskyrkja som mål.

Olav Vinje skreiv: "I kyrkja i Røldal eit bilete hekk som mang ein sæling til frelse, for sjuke og saare til dette gjekk og fingo atter si helse."

Logoen for pilegrimsvegen nord for Folgefonna er difor krykkjekrossen, same logoen som leden Seljord-Røldal er merka med.

"Ei segn frå Krossdalen:

Ei jente på Flatabø fann eit vakkert lite krusifiks i ein kalvegarde. Ho stakk det i lomma, men då tok det til å veksa slik at ho måtte sprette opp stakkelomma si. Det vart seinare hengt opp i kyrkja, heiter det i ein versjon, i Røldalskyrkja, segjer ein annan. "(Olav Koltveit 1953)

"Ei Maria della Neve- segn:

Etter segnene vart under-krusifikset i Røldalskyrkja funne på Krossfjorden av ein blind fiskar som oppdaga lækjarkrafta det åtte. Han fekk det ikkje inn i båten før han lova det til Røldalskyrkja, og då han turka sveitten or andletet, fekk han synet att. Han førde det til Jondal og tok vegen over fjellet derifrå. Både Krossfjorden og Krossdalen fekk namn etter denne hendingi, seier segni" (jfr. Olav Koltveit 1953)

Jordboka Bjørgynjar Kalfskinn nemner at "krossen" i Jondal eigde to kyrleiger og to månadsmamatabol i garden Kika i Kvinnherad, og at "mariu skript" eigde kyrlag til "lysingar". Det siste peikar på at "Krossen" kan ha hatt ein liturgisk funksjon. Krossen kan ha vore ein stad og/eller eit sælehus/herberge for pilegrimane knytt til garden Brattabø som truleg var klostergoods under Halsnøy kloster.

Sommaren 2004 merka Øvre Krossdalen Grendalag pilegrimsvegen frå Hardingarinden i Krossdalen og over fjellet. Nedstiginga til Reisæter vart merka av Vikebygdkrinsen. Og i 2015 markerte vi opning av nyvarda Pilegrimsveg. Pilegrimsvegen er merka delvis med okergul logo og blinking og med vardar over fjellet. Merkinga startar ved Hardingarinden (2,7 km frå Folgefonnvegen) på vegen inn til Botsvatn. Frå under Staberget er vegen varda vidare om Stabergsdalen, Langedalen, forbi Langedalstjørn, vidare om Brakastauren og Høgstaleitet, og ned til Vegaskiljet rett før Reisete-eggi. Her møtest Pilegrimsvegen og Buførevegen og vegane går vidare same trasé om Eggi og ned den no trappesette lia til Reisæter.

Sidan 2004 har Jondal sokneråd og Øvre Krossdalen Grendalag invitert til pilegrimstur Krossdalen- Reisæter kvar sommar. Kantor Anne Karin Stormyr har vore med som fast turleiar. Og vi er takksame for medvandrarar som kan ta medansvar både fremst og bakerst i turfølgjet, samt gjerne vere med som liturgar, tekstlesarar eller ha eit instrument på lomma som kan takast fram og nyttast ved tidebønene eller elles. Åndeleg niste på vegen har vore dei 4 tidebønene som høver med dagsrytmen for turen, Laudes ved Hardingarinden, Sekst ved Langedalen, Non ved Høgstaleitet og Vesper nede på Reisæter.

Ein reknar turen til ca. 9 timar. Dei som går turen bør vere turvante og gå i følgje med fjellvante folk. Turen går opp imot 1400m. Her kan vêret skifte fort, og mobilen har ikkje dekning. Mykje av vegen går ein gjerne på snø, så fjellsko er betre enn støvlar. Og i sekken bør ein, i tillegg til god niste, ha kart og kompass, ullskift og regn- & vindtette klede sjølv høgste sommardagen.

God tur langs Pilegrimsvegen. Og vel møtt til årets Pilegrimstur torsdag 8.juli.

**“Må din veg kome deg i møte,
vinden alltid vere bak din rygg,
og må solljos leike på ditt kinn,
regnet falle venleg mot di jord.
Og må Guds gode hand verne om deg
til vi møtest igjen”**

(Keltisk/ O: H-O Mørk/ Nyn: A.K.Stormyr)

Kvåle, 9.april 2021

Anne Karin Stormyr, for Øvre Krossdalen Grendalag og Jondal sokneråd.